

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Britt Elin Håranes	K1-030, K2-C01, K2-A20	22/596

Saksnr	Utval	Type	Dato
052/23	Levekårsutvalet	PS	22.11.2023
029/23	Ungdomsrådet	PS	20.11.2023
154/23	Kommunestyret	PS	18.12.2023

Framtidas oppvekst Ein berekraftig barnehage -og skulestruktur

Innstilling frå Levekårsutvalet - 22.11.2023 - 052/23

1. Vanvik oppvekstsenter avd skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune.
2. Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024 med prøvetid fram til hausten 2026. Kommunedirektøren skal undersøkes og vurdera skysstilbudet, før eit eventuelt vedtak av varig flytting av ungdomstrinnet.
3. Suldal kommune skal frå og med 2027 ikkje ha udelte skular.
4. Alle skular i Suldal skal frå og med 2026 ha minst 60% pedagogdekning.
5. Dersom enkelte skular over tid ikkje når måla med tanke på elevtal og kvalifisert arbeidskraft (jmfr punkt 3 og 4), skal kommunedirektøren koma tilbake til kommunestyret med ei sak om korleis ein kan leggja om drifta for å sikra dette.

Kommunedirektøren legg fram èin barnehage og skulebruksplan innan 2026 om ny barnehage og skulestruktur, kor ny ungdomsskule på Sand og oppvekstsenter på Kjølvikstølen vart èin del av planen.

Kommunedirektøren si innstilling

Suldal kommune vil sikre rett og nok kompetanse i barnehage og skule i tre trinn:

Trinn 1 2024

1. Vanvik oppvekstsenter avd skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune.
2. Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024 som ei varig ordning.

Trinn 2 2025

1. Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO blir ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage som ei varig ordning. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen

- avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagertilbodet igjen.
2. Barnetrinnet og SFO på Nesflaten oppvekstsenter (1.-7. trinn) og Vinjar skule blir ei eining frå og med 1. august 2025. Eininga blir lokalisert på Vinjar skule. Dette vert ei prøveordning i 2 år og det skal leggast fram ei evaluering av opplæringstilbodet desember 2026.
 3. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet for elevar på Nesflaten.
 4. Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage vert ei avdeling under Vinjar barnehage frå og med 1. august 2025. Dette vert ei prøveordning i 2 år. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for at avdelinga skal vera i drift.
 5. Marvik skule og Jelsa oppvekstsenter blir ei eining frå og med 1. august 2025. Eininga blir lokalisert på Jelsa oppvekstsenter. Dette vert ei prøveordning i 2 år og det skal leggast fram ei evaluering av opplæringstilbodet desember 2026.
 6. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet for elevar på Ropeidhalvøya.

Trinn 3

Kommunedirektøren legg fram ein barnehage og skulebruksplan etter vedtak om ny barnehage og skulestruktur.

Sand, 20.12.2023

Vedlegg:

Rapport Utfordringsbildet skole Suldal kommune
Evaluering av opplæringstilbodet skuleåret 2022-23
Kunnskapsgrunnlag - Framtidas oppvekst
Innspel frå SU-møte Marvik skule
Høyringssvar om Framtidas oppvekst frå elevrådet på Marvik skule
Høyringsuttale om Framtidas oppvekst frå Utdanningsforbundet Suldal
Høyringsuttale frå elevrådet for ungdomsskulen om Framtidas oppvekst - frå Sand skule
SU Nesflaten Oppvekstsenter og FAU - Innspel om Framtidas oppvekst
Høyring - Framtidas oppvekst - frå HTV Fagforbundet Ryfylke
Framtidas oppvekst - frå Sand barnehage
Høyringssvar om Framtidas oppvekst frå SU frå Jelsa oppvekstsenter
Høyringsuttale SU Erfjord skule
Referat frå SU møter om Fremtidas oppvekst frå Kjølvikstølen barnehage
Svar på høyring om Framtidas oppvekst frå Hylsfjorden grendeutval
Sak Framtidas oppvekst frå SU Vinjar skule
Svar på høyring om Framtidas oppvekst frå Stølane bhg
Svar på høyring om Framtidas oppvekst frå Jelsa oppvekstsenter avd.skule
Svar på høyring - Framtidas oppvekst frå Ropeidhalvøya grendeutval
Innspel til høyring om Framtidas oppvekst frå samarbeidsutvalet Vinjar barnehage
Svar på høyring om Framtidas oppvekst frå elevrådet Erfjord skule
Svar på høyring om Framtidas oppvekst frå Samarbeidsutvalet ved Sand skule
Høyringsuttale - Framtidas oppvekst - frå Erfjord Grendeutval
Svar på høyring om Framtidas oppvekst frå elevrådet ved 1.-7.kl, Sand skule
Høyring Framtidas oppvekst - frp Øvre Suldal Grendeutval

Samandrag

Suldal kommune skal ha ein berekraftig barnehage og skulestruktur.
Kommunestyret har i vedtak K-084/22 bedt kommunedirektøren leggja fram ei sak med bakgrunn i krav til eit godt fagleg og sosialt barnehage og skolemiljø. I arbeidet skal det leggast vekt på ein god og open prosess med brei involvering.

I dette saksframlegget følgjer kommunedirektøren opp politisk vedtak. Saka gjer greie for kva som er gjort for å ha ein open og god prosess. Vidare gjer saka greie for kommunedirektøren sitt råd for å sikra ein berekraftig barnehage og skulestruktur og eit godt fagleg og sosialt barnehage og skolemiljø i Suldal.

Det vert peikt på utfordringar med dagens barnehage og skulestruktur og drøfta måtar å møta desse utfordringane på.

Kunnskapsgrunnlaget med tal, fakta, innspel og prognosar er i nokon grad teke med i framlegget. Meir kan de finna i kunnskapsgrunnlaget som ligg vedlagt.

Vurdering og konklusjon vert gjort ut frå pedagogiske og sosiale omsyn, knyta opp mot krav til kompetanse, små sårbare barnehage og skolemiljø og demografiutvikling.

Saksopplysningar

God og open prosess

I arbeidet med denne saka skulle det leggast vekt på ein god og open prosess med brei involvering.

Dette er løyst slik:

- Informasjon om prosessen, faktagrunnlag og arbeidet på nettsida til Suldal kommune.
- Informasjon gjennom sosiale medium om prosess og moglegheit til å koma med innspel
- Elevråd, tilsette og leiarar har kome med innspel gjennom å drøfta spørsmål knytt til ein berekraftig barnehage og skulestruktur
- Kommunedirektøren har arrangert foreldrekveldar i alle 7 skulekrinsar for å leggja fram fakta og prognosar samt leggje til rette for innspel gjennom refleksjonar i grupper.
- Kommunedirektøren arrangerte eit felles møte for grendeutvala i kommunen for å leggja fram fakta og prognosar samt leggje til rette for innspel gjennom refleksjonar i grupper.
- Det er gjennomført ei anonym, digital spørjeundersøking for føresette og tilsette i barnehage og skule samt elevar på 4.-10. trinn.
- Kommunedirektøren hadde møte med kommunalt foreldreutval for å få innspel på anonym spørjeundersøking til føresette.
- Prøvd ut gjestebod modellen som metode for å skapa engasjement om saka og få innspel frå innbyggjarar i kommunen
- Saka har vore på høyring til elevråd, SU i barnehagar og skular, fagforeiningar og grendeutval.

Gjennom informasjon om tal, fakta og prognose fekk alle som var invitert til å koma med innspel eit felles kunnskapsgrunnlag som utgangspunkt. Første del av innspelsrunden vart gjennomført i mai/juni 2023. Den var prega av opne og vide spørsmål. Den anonyme spørjeundersøkinga i september 2023 hadde noko meir «spissa» spørsmål. Spørsmåla her vart danna på grunnlag av første innspelsrunde og det ein trengte meir informasjon om i arbeidet med saka. Alle svar er lest gjennom og brukt som grunnlag i vurderinga opp mot utfordringsbilde.

På den anonyme spørjeundersøkinga brukte ein Microsoft Forms som verktøy. Ein svakheit med dette verktøyet er at deltakarar kan svara fleire gonger. Det ser likevel ut til tal svar harmonerer med tal elevar, føresette og tilsette i dei ulike skulekrinsane.

Ein berekraftig barnehage og skulestruktur

Med ein berekraftig barnehage og skulestruktur forstår ein det som ein måtte å organisera barnehagane og skulane på slik at den er robust til å takla endringar og at den kan oppretthaldast på lang sikt. Ein slik struktur må vurderast opp mot lovverk, trygge og gode faglege og sosiale miljø, kvalitetsutvikling og demografiutvikling.

I dag er det 4 barnehagar, 3 oppvekstsenter og 4 skular i Suldal.

Hausten 2023 går 182 barn i barnehage og 523 elevar i grunnskulen fordelt slik:

Eining	Tal barn barnehage	Tal elevar på skulen
Sand barnehage	77	
Kjølvikstolen barnehage	18	
Stølane barnehage	40	
Vinjar barnehage	40	
Jelsa oppvekstsenter	12	24
Nesflaten oppvekstsenter	0*	17**
Vanvik oppvekstsenter	2	0 (8)**

Sand skule 1.-7. trinn		123
Sand skule 8.-10. trinn		165
Marvik skule		24
Erfjord skule		67
Vinjar skule		93

*Barnehagen på Nesflaten var heller ikke i drift barnehageåret 2022-23. Barna i den skulekrinsen går i Vinjar barnehage.

**På grunn av mangel på tilsette med rett kompetanse vart det sommaren 2022 gjort vedtak om at elevane i Vanvik skulekrins går på Austarheim skule i Sauda kommune og elevane på ungdomstrinnet på Nesflaten går på Sand skule. Dette gjeld inntil saka om framtidas oppvekst er handsama og nytt vedtak er fatta.

Det er 3 hovudutfordringar som peikar seg ut ved noverande måte å strukturera barnehage og skuletilbodet på med tanke på krav til eit godt fagleg og sosialt barnehage og skolemiljø.

1. **Tilsette med kompetanse etter lovkrav**
2. **Små sårbare leike og læringsmiljø både fagleg og sosialt**
3. **Demografi**

1. Tilsette med kompetanse etter lovkrav

Det er i dag krav om både kompetanse for tilsettjing og kompetanse for å undervisa i fag. For 1.-7. trinn gjeld desse krava i faga norsk, engelsk og matematikk. For 8.-10. trinn gjeld krava alle fag bortsett frå valfag, utdanningsval og arbeidslivsfag. Krava skal sikra at alle elevane får opplæring med høg pedagogisk og fagleg kvalitet.

Tabellen under syner kor stor prosentdel av lærarar i skulen i Suldal som oppfyller kompetansekrava for tilsettjing og for å undervisa i fag:

Skuleår	Oppfyller kompetansekrava for tilsettjing	Oppfyller kompetansekrava for undervisning i norsk, engelsk og matematikk
2023-24	70%	72%
2022-23	77,2%	70,1%
2021-22	83,5%	87,9%
2020-21	88,5%	75%

Tabell: GSI (Grunnskulens informasjonssystem)

Det er kun lærarar som oppfyller kompetansekrava for tilsettjing som vert registrert under kompetansekraav for undervisning. I Suldal er det også tilsette som ikkje oppfyller kompetansekraav for tilsettjing som underviser i faga norsk, engelsk og matematikk.

I Suldal er det mange dyktige lærarar, både som oppfyller kompetansekraava og som ikkje gjer det. Dei nasjonale krava derimot kjem ein ikkje unna. Læraren er den faktoren i skulen som har størst innverknad på elevane si læring, både fagleg og sosialt. I ny opplæringslov gjeldande frå hausten 2024 vert det tydeleggjort at dei som skal tilsetjast skal ha lærarutdanning.

7 skular med dei same kompetanseutfordringane gjer at alle kjempar om å få tak i dei same lærarane. På skulane er det behov for lærarar med brei kompetanse.

Når det gjeld behov for vikar og ei forsvarleg vikarordning med kvalifiserte lærarar er dette også ei utfordring. Dette gjeld både for barnehage og skule.

1. Små sårbare leike og læringsmiljø

Små sårbare leike og læringsmiljø er barnehagar og skular med få barn/elevar og tilsette. Kva som er få barn/elevar og tilsette er eit definisjonsspørsmål, men i Suldals samanheng definerer ein dei minste einingane, Jelsa, Nesflaten og Vanvik oppvekstsenter og Marvik skule som små sårbare einingar. Dette kjem også fram i rapporten frå KS konsulent *Utfordringsbildet Suldalsskolen*. Likevel er det viktig å understreka at dei fådelte skulane har positive eigenskapar som til dømes god oversikt over elevgruppa og at elevane leikar og lærer saman på tvers av alder.

Sosial læring og utvikling skjer i stor grad i eit fellesskap, og i samhandling med andre. Gjennom dette samspelet utviklar barn og unge sosiale ferdigheiter som empati, samarbeid, sjølvhevding, å regulera seg sjølv og det å ta ansvar. Desse ferdighetene er viktige i barn og unge si faglege og sosiale utvikling (Udir.no).

På dei minste einingane våre har barna færre å leika og læra saman med. Fleire er åleine på sitt trinn og kjønnsbalansen er også noko ujamn på somme einingar. Det er sårbart med få barn med tanke på å etablera venskap og læra saman i eit fagleg fellesskap.

Barn og unge ha rett til eit trygt og godt miljø i barnehage og skule. Trygt og godt læringsmiljø handlar ikkje berre om fråvær av krenking, men også kjensla av å høyre til i eit fagleg og sosialt fellesskap. Erfaringsvis ser ein at utfordringar knyta til eit utsyn om skolemiljø for elevar på dei minste einingane i større grad påverkar heile skolemiljøet for både elevar, tilsette og føresette.

Alle barnehagar og skular skal ha eit profesjonsfagleg fellesskap der dei tilsette skal jobba med utvikling av kvalitet av undervisning og å fremja eit trygt og godt leike og læringsmiljø. Frå KS konsulent sin rapport les ein at skuleleiarane trekk fram at profesjonsfellesskapet på dei fådelte skulane vert små og at ein er usikker i kor stor grad ein klarer å oppfylla intensjonane i læreplanverket. Dette året møtest dei tilsette på Marvik, Jelsa og Nesflaten 4 gonger for å få eit større profesjonelt læringsfellesskap. Likevel er det den enkelte leiar si oppgåve å vidareføra arbeid med kvalitet på den enkelte skule. Ein ser også at dei minste einingane blir særskilt sårbar i dette arbeidet med tanke på fråvær av tilsette.

1. Demografi

Slik prognosane ser ut no vil barnetalet gå nedover i framtida. Dette betyr at barnehagane og skulane vert endå mindre i tal elevar og tilsette. Det påverkar i endå større grad utfordringane me peiker på ovanfor.

Tabellen syner barnehageplassar for vår frå 2021-2024.

Tabellen syner tal elevar per barneskule fram mot skuleåret 2026-27. Elevane fra Jøsenfjorden er ikkje med i tala for Erfjord skule.

Fødselstal Suldal 2013-2023

	Kjølvikstølen	Jelsa	Stølane	Sand	Vinjar	Nesflaten	Vanvik	SUM
2023*	4	1	7	10	6	1		29
2022	5	5	6	14	5	1		36
2021	7	2	7	13	6			35
2020		1	13	15	8	1	1	39
2019	4	4	11	15	11	1	1	47
2018	4	1	11	14	8			38
2017	2	3	3	20	16	2	1	47
2016	7	2	5	16	12	3		45
2015	3	3	4	14	12	1	2	39
2014	2	4	10	21	12	1	1	51
2013	3	5	9	16	15	3		51

*Fødselstal til og med medio oktober

Tabellen syner prognose for tal barn 1-15 år i Suldal fram mot 2040 (SSB)

Tiltak for å møta utfordringane

Etter innspelsrunden før sommaren med elevar, tilsette, leiarar, føresette og grendeutvala vart det samanfatta fleire forslag til løysingar på korleis ein kan møta dei 3 hovudutfordringane nemnt ovanfor.

Desse er:

- Lærarar blir organisert i faggrupper og reiser rundt på fleire skular
- Større innsats for å rekruttera fleire lærarar i barnehage og skule
- Oppretta fleire oppvekstsenter
- Lærarar jobba på fleire skular
- Ha færre skular
- Organisera opplæringa slik at elevar og tilsette reiser på besøk til andre skular i periodar ved prosjektarbeid
- Betre tilrettelegging for at tilsette kan ta utdanning
- Tilby høgare løn/evt. andre goder til lærarar i skulen
- Bruka kompetanse i barnehage der det er behov. Tilsette må i større grad flytta på seg frå ein barnehage til ein annan.

Forsлага har blitt vurdert av elevar, føresette og tilsette. Kunnskapsgrunnlaget oppsummerer resultata frå spørjeundersøkinga.

Tilsette jobba på fleire einingar:

Som tidlegare nemnt er læraren den enkeltfaktoren som betyr mest for elevane si læring og utvikling både fagleg og sosialt. Relasjonen mellom lærar og elev er grunnleggjande og denne måten å organisera opplæringa på legg ikkje til rette for at lærarar får det den tida som krevst for å byggja denne relasjonen.

Utvikling av kvaliteten på opplæringa for elevane skjer gjennom refleksjonar over eigen praksis vurdert opp mot, gjeldande lovverk, planar/strategiar, faglitteratur og forsking. Dette skal skje i samarbeid med alle tilsette på eininga, i det profesjonelle læringsfellesskapet.

Dersom lærarar er tilsett på fleire einingar vil dei ikkje kunna delta i og følgja opp det ein blir samde om i profesjonsfellesskapet.

Tilsette peikar på at ordninga med at lærarar jobbar på fleire skular kan fungera dersom det gjeld praktisk estetiske fag som musikk og kunst og handverk. På den andre sida peikar dei på at det å oppleva å høyra til i eit kollegafellesskap er viktig for trivselen på jobb. Dette vert utfordra dersom dei har fleire einingar dei «høyrer til».

Føresette uttalar at ei slik løysing kan hindra rekruttering og auka flukt frå læraryrket.

Tidlegare jobba spesialpedagogar i barnehagen i fleire barnehagar etter behov. Etter ei evaluering av effektiv ressursbruk til beste for barna og god kontinuitet i arbeidet vart det bestemt at desse ressursane skulle fordelast på barnehagane for eit år om gongen slik at ein unngjekk «omreisande spesialpedagogar».

Når det gjeld leiinga på skulane har det også kome innspel om å ha felles leiar for fleire einingar. Dette for å få ein større administrasjon med avdelingsleiarar på alle einingar. Då kan ein fordela oppgåvene i større grad slik at ikkje «alle må gjera alt».

Dette kan vera ei løysing dersom ein ikkje gjer noko med barnehage og skulestrukturen. Likevel vil ein framleis ha utfordring med kompetansebehov og små sårbare faglege og sosiale miljø.

Fleire oppvekstsenter

Eit oppvekstsenter er ei eining med ein felles leiar for barnehage og skule. Føresette på Ropeidhalvøya har spesielt vore opptekne av at dette er ei god løysing for å møta utfordringane framover. Fordelane med eit oppvekstsenter er at ein kan bruka delar av ressursane, både økonomiske, fysiske og menneskelege på tvers av barnehage og skule. Borna får også eit større sosialt miljø. Sett opp mot krav til kompetanse for å undervisa i fag, vil ikkje ei slik løysing møta utfordringsbildet. Dette peikar også tilsette på. I tillegg vil ikkje ei slik løysing møta behovet for eit større fagleg miljø for elevane.

Samarbeid på tvers av fleire einingar

Samarbeid mellom skular om prosjekt kan vera ei løysing for å nytta kompetansen på tvers av einingar. Elevane som deltek vil også i perioden få eit større fagleg og sosialt miljø. Dei fleste elevane som har svart på undersøkinga er positive til ei slik løysing, både å reisa på besøk til ein annan skule og få besøk frå andre skular.

Ei slik løysing vil kun møta krava om kompetanse og større fagleg og sosialt miljø i ein avgrensa periode, kanskje nokre veker i året. Det kan bli tilfeldig frå år til år både korleis samarbeidet vert organisert og kven som deltek.

Gode ordningar for tilsette og rekruttera nye

Det har kome fleire innspel om rekruttering og å ta vare på dei tilsette som allereie jobbar i kommunen. Både føresester og tilsette scorar dette tiltaket høgt og meiner det vil bidra til å møta utfordringane Suldal kommune står ovanfor i oppvekst. Når det gjeld tilgang på lærarar er dette ei nasjonal utfordring. Denne utfordringa har allereie ramma distriktskommunane. Dei siste 3 åra har det vore ein nedgang i tal søkerarar til lærarutdanningane. I 2023 var det 21,9 prosent færre førstevalsøkarar til lærarutdanningane enn i 2022 (regjeringen.no).

Utdanning

Eit av tiltaka er å leggja til rette for at tilsette kan ta vidareutdanning og grunnutdanning med støtte og frikjøp. Suldal kommune har fleire ordningar lokalt og nasjonalt for dette i dag, både for vidareutdanning av lærarar og barnehagelærarar og arbeidsplassbasert

barnehagelærarutdanning. Det er også mogleg å ta ei grunnskulelærarutdanning samlingsbasert over 5 år. Pr i dag er det ikkje ei ordning for støtte til ei slik utdanning, men fast tilsette kan søka om utdanningsmidlar. Tilsette har gitt innspel om at støtte (økonomisk/frikjøpt tid) til å ta ei grunnskulelærarutdanning kan bidra til at fleire ønskjer å gjera dette. Det er verdt å merka seg at med ei slik ordning vil tilsette «binda» seg for minst 7 år; 5 års utdanning og 2 års bindingstid.

Løn

Tilsette og føresette har spelt inn at høgare løn kan medverke til å få fleire lærarar med kompetanse til å søkja og bli verande i læraryrket. Lærarar si løn er regulert etter hovudtariffavtalen. I tillegg har me eit høgskuletillegg i Suldal på kr 10 000,-. Andre økonomiske ordningar som nedbetaling av studielån for nyutdanna og ordning med ein bonus etter eit visst tal år kan vera tiltak som ein bør sjå nærmare på.

Mentorordning

Det å vera ny i ein jobb kan vera både spanande og krevjande. Ei mentorordning der ein kollega blir ein slags fadder og rettleiar i oppstarten kan skapa tryggleik og oppleving av meistring. Dette kan vera eit tiltak for å få ein god start i ein ny jobb.

4 dagars arbeidsveke

Det har kome innspel om ei ordning for å rekruttera og behalda med å tilby full løn og jobba 4 dagar. Dersom ei slik ordning skulle bli ein realitet vil det føra til at ein vil trenga endå fleire for å dekka opp behovet for lærarar som oppfyller kompetansekrava.

Auka grunnbemanning

Auka grunnbemanning i barnehage og skule har blitt spelt inn som forslag for å rekruttera og behalda kompetanse i barnehage og skule. Dette vil krevja fleire tilsette i oppvekstsektoren.

Færre skular

Ei slik løysing vil føra til at fleire elevar får lengre skuleveg. Det er krav til at skuleskyssen skal organiserast slik at elevane får akseptabel reisetid som er summen av gangtid, ventetid på både haldeplass og skule. Rogaland Fylkeskommune sitt reglement for skuleskyss har anbefalingar om kva som er ei forsvarleg reisetid:

1. - 4. trinn 45 minutt (men helst så kort som mogleg)
5. - 7. trinn 60 minutt
8. - 10. trinn 75 minutt

Ein berekraftig skulestruktur skal gi elevane eit trygt og godt skolemiljø fagleg og sosialt. Elevane skal også få opplæringa si gitt av lærarar med kompetanse etter krava i opplæringslova.

Med å ha færre skular ser ein moglegheiter for at skulane i større grad får den samla kompetansen som krevst for at elevane får undervisning av lærarar som oppfyller kompetansekrava. Fleire elevar vil få eit større fagleg og sosialt miljø og får fleire elevar å spela på. Dette vil også gjelda dei tilsette som vil få eit større fagleg og sosialt arbeidsmiljø.

Lengre skuleveg for elevar er alltid ei ulempe. Fleire føresette uttrykker si uro for dette. Både for lengda på skulevegen og rasutsette vegar.

Fleire tilsette og føresette meiner at tida er inne for å gjera noko med skulestrukturen og ha færre skular. Dei grunngir dette med å nytta kompetansen på ein betre måte, setja ungane sine behov først og større sjans for å rekruttera til skular med eit større fagleg og sosialt arbeidsmiljø.

Moglege løysingar for organisering med færre skular og barnehagar

1. Vanvik oppvekstsenter avd. skule

Elevane ved Vanvik oppvekstsenter får i dag opplæringa si ved Austarheim skule i Sauda. Me hadde ei evaluering av dette førre skuleår der både elevar, føresette og tilsette blei hørt. Kort oppsummert er elevar og føresette nøgde med dagens løysing. Kommunedirektøren tilrår å halde fram med denne løysinga.

1. Ungdomstrinnet (8.-10.) ved Nesflaten oppvekstsenter

Det er per i dag 3 elevar på ungdomstrinnet som hører til ungdomstrinnet på Nesflaten. Dei får opplæringa si gitt ved Sand skule. Me gjennomførte førre år ei evaluering der føresette, tilsette og elevar stort sett var nøgde med ordninga. Lang skuleveg blei av enkelte trekt fram som negativt.

Kommunedirektøren tilrår å halda fram med denne løysinga.

1. Vanvik oppvekstsenter avd. barnehage

I dag er det 2 barn i barnehagen ved Vanvik oppvekstsenter. Fødselstala viser ikkje barnetalsauke i Vanvik. Innspel frå føresette i Vanvik er at dei ønskjer å ha eit føreseieleg barnehage og skuletilbod. Hausten 2025 vil det vera eit barn igjen ved oppvekstsenteret. Kommunedirektøren si vurdering er at barnehagen ved Vanvik oppvekstsenter vert ein avdeling under Kjølvikstølen barnehage og skal vera eit tilbod fram til hausten 2025. Det blir sett ei nedre grense på 6 barnehageplassar for å oppretthalde drift. Ved barnehageplass i Sauda vil dei få same rammevilkåra som gjeld for Suldal kommune. Dette medfører at SFO tilbodet heller ikkje vil bli oppretthalde ved oppvekstsenteret.

1. Barnetrinnet (1.-7. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter

I dag er det 17 barn i 1.-7. trinn ved Nesflaten oppvekstsenter. Ved å flytta opplæringstilbodet til Vinjar skule vil elevane få eit større fagleg og sosialt skulemiljø, samt at ein i større grad får opplæring av lærarar med kompetanse etter krav. Prognosar viser at elevtalsutvikling på Nesflaten er synkande. Framtidig prosjekt med Lyse si oppgradering av kraftverka i Røldal og Suldal kan påverka barnetalet på Nesflaten. Kommunedirektøren meiner likevel at ved ei eventuell auka busetting vil folkeauken fordelast på fleire grender.

Elevane vil få lengre skuleveg og ein må sjå på løysingar for at reisetida skal bli kortast mogleg. Slik busettinga er i dag vil avstand for elev med lengst skuleveg bli 43 km.

Kommunedirektøren meiner at opplæringstilbodet ved barnetrinnet ved Nesflaten oppvekstsenter bør flyttast til Vinjar skule frå og med hausten 2025. Dette vil gi tid til førebuing og planlegging av samanslåinga av skule og SFO tilbodet.

1. Barnehagen ved Nesflaten oppvekstsenter

Per i dag er det ikkje drift ved barnehagen på Nesflaten. Barna går i Vinjar barnehage på grunn av få barn. Etter kommunedirektøren sine vurderingar bør barnehagen bli organisert som ei avdeling under Vinjar barnehage. Det vert sett ei nedre grense på 6 barnehageplassar for å oppretthalda drift ved avdelinga.

1. Marvik skule

Marvik skule har i dag 24 elevar.

Mange føresette har spelt inn at eit oppvekstsenter vil vera ei god løysing for barnehage og skuletilbodet på Ropeidhalvøya. Dette var oppe til politisk handsaming i 2016 og 2018. For å møta utfordringane med kompetanse, små sårbare sosiale og faglege skulemiljø og demografiutvikling ser kommunedirektøren ei anna, meir berekraftig løysing. Marvik skule, Nesflaten og Jelsa oppvekstsenter har i dag eit samarbeid om motivasjon og lærerlyst på fådelte skular. Då møtest dei tilsette ca. 4 gonger i året for å samarbeida og reflektera rundt god kvalitet i opplæringa. Denne ordninga er positiv for dei tilsette og tilbakemeldingane er at det er svært nyttig og relevant å diskutera saman med fleire som jobbar med det same.

Med tanke på Jelsa som eit mogleg framtidig vekstsenter med fleire innbyggjarar vurderer kommunedirektøren det som ei god løysing at elevane tilhøyrande Marvik skule blir flytta til Jelsa oppvekstsenter. Elevar og tilsette vil då få eit større fagleg og sosialt miljø. Reisetida med skuleskyss for elevane vil ikkje nødvendigvis bli vesentleg endra dersom ein bruker båt som transportmiddel.

Moglege løysingar for SFO-tilbod for elevane på Ropeidhalvøya kan vera i Kjølvikstølen barnehage

Det har kome innspel om at ein mogleg løysing kan vera å danna eit oppvekstsenter med barnehage og 1.-2. trinn, evt. 1.-4. trinn. Ei slik løysing kan i nokon grad møta utfordringa med eit større sosialt miljø for barna. Sårbarheita her kan vera det faglege skulemiljøet for elevane, samt fleksibilitet og det faglege fellesskapet for dei tilsette i skulen ved oppvekstsenteret. Fleire peikar også på at det ved ein slik modell vert endå fleire overgangar for borna.

1. Erfjord skule

Erfjord skule er i dag den tredje største skulen i Suldal med eit elevtal på 67 elevar inkludert elevane frå Jøsenfjorden. Prognosane for elevtalsutvikling ved Erfjord skule viser at elevtalet vil vera stabilt dei neste 4 åra. Dersom ein ser på samla elevtal for Erfjord, Marvik og Jelsa kan ei mogleg løysing vere å utvikle ein felles barneskule i ytre del. Kanskje Jelsa som eit vekstsenter i kommunen kan vere staden for ein ny skule.

Elevtal per trinn per skule skuleåret 2023-24

Skule	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	Sum	8.	9.	10.	Sum	Tal klassar
Sand	22	18	13	19	18	16	17	123	46	58	60	164	15
Vinjar	22	9	10	13	14	16	13	97					7
Erfjord	9	6	9	12	12	9	10	67					7
Marvik	2	7	4	3	3	3	2	24					2
Jelsa	4	2	4	3	4	0	7	24					2
Nesflaten	1	3	1	3	3	4	2	17	1*	1*	1*		3
Vanvik	1	0	3	1	0	2	1	8**					1
SUM	61	45	44	54	54	50	52	360	46	58	60	164	37

*Elevane går på Sand skule

**Elevane går på Austarheim skule i Sauda kommune

Elevtal per trinn per skule ved 4 skular

Skule	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	Sum	8.	9.	10.	Sum	Tal
-------	----	----	----	----	----	----	----	-----	----	----	-----	-----	-----

														klassar
Sand + Nesflaten	22	18	13	19	18	16	17	123	46	58	60	164	15	
Vinjar + Nesflaten	23	12	11	16	17	20	15	114					7	
Erfjord	9	6	9	12	12	9	10	67					7	
Jelsa + Marvik	6	9	8	6	7	3	9	47					3	
SUM	61	45	44	54	54	50	52	360	46	58	60	164	32	

Tabellane med dagens elevtal syner at ved denne skulestrukturen reduserer ein frå 7 til 4 skular.

Den eine eininga vil framleis vera fådelt. Ein vil gå ned i tal klassar.

Elevtal per trinn per skule ved 3 skular

Skule	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.	Sum	8.	9.	10.	Sum	Tal klassar
Sand + Nesflaten (Midtre)	22	18	13	19	18	16	17	123	46	58	60	164	15
Vinjar + Nesflaten (Øvre)	23	12	11	16	17	20	15	114					7
Jelsa + Marvik + Erfjord (Ytre)	15	15	17	18	19	12	19	115					7
SUM	61	45	44	54	54	50	52	360	46	58	60	164	29

Tabellen med dagens elevtal syner at ved denne skulestrukturen reduserer ein frå 7 til 3 skular. Med ei slik løysing kan Suldal kommune få 3 jamnstore barneskular; Sand, Vinjar og Jelsa.

Ein vil gå ytterlegare ned i tal klassar som fører til behov for færre lærarar.

I anonym spørjeundersøking fekk dei føresette spørsmål om i kva grad ein barnehage og skule i nærmiljøet er avgjerande for bulyst og attraktive grender. På ein skala frå 1-10 der 10 er i svært stor grad er gjennomsnittleg vurdering 7,89.

Fleire moment som påverkar vurderinga av ein berekraftig barnehage og skulestruktur for framtida

Meir effektiv bruk av tenester og ressursar

PPT og skulehelsetenesta er viktige støttetenester i laget rundt barn og unge, både på individ -og systemnivå. Kompetansen er viktig og nødvendig for å finna gode tiltak i komplekse saker. Dei siste åra har endring av korleis ein skal organisera desse tenestene ført til at både PPT og skulehelsetenesta er mykje tettare på skulane med fast oppmøtetid. Dei er på denne måten meir tilgjengelege for både elevar og tilsette. Ressursane vert fordelt etter tal elevar. Det fører til at dei har færre dagar på dei mindre skulane enn på dei største skulane. Med tanke på ein trygg og god relasjon ser me at det er sårbart på dei minste einingane når helsesjukepleiar er tilstades halv dag, 8 gonger i løpet av eit skuleår. Ved

fråvær vert det færre gonger. Då er det vanskeleg å halde den rauden tråden i arbeidet med oppfølging i individsaker.

Suldal kommune har ein digital rettleiar som er ein ressurs for å rettleia og støtta skulane i god pedagogisk og sikker bruk av digitale verktøy for elevane si læring. Stillinga har som oppdrag å halda kontakt med alle skulane og jobbar tett med både leiarar og lærarar. Ressursen kan bli nytta meir effektivt med fleire treffpunkt dersom det vert færre einingar.

Suldal har ein barne og ungdomsrettleiar som har delar av stillinga si som sosiallærar på 1.-7. trinn. Stillinga skal blant anna vera ei hjelp og støtte for skulane i det førebyggjande arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, samt rettleia i skolemiljøsaker. Til liks med digital rettleiar meiner kommunedirektøren at denne ressursen kan bli nytta meir effektivt og vera meir tilgjengeleg dersom det vert færre einingar.

Leiinga ved skulane

Det kjem fram i rapporten om *Utfordringsbildet Suldalsskolen* at skuleleiarar meiner at "trykket" på ein rektor er stort. Det er mange oppgåver som er like og må gjennomførast om skulen har 20 elevar eller 300 elevar. Samtidig vert det stilt ulike krav til kompetanse for å leia ein fådelt skule og ein 1-10 skule. På fådelte skular har leiar i utgangspunktet undervisning i stillingane sine. Leiarane er opptekne av god skuleleiing og peikar på at hyppige utskifting av leiarar er sårbart i ein kommune som Suldal.

Gruppestorleik

Det finst inga nasjonal norm for gruppestorleik for det faglege og sosiale fellesskapet i skulen.

I Suldal har ein laga desse rammene for gruppestorleik;

- Ungdomstrinn, deling ved meir enn 30 elevar per gruppe
- Barnetrinn, deling ved meir enn 28 elevar per gruppe
- To trinn kan gå saman i ei gruppe dersom dei til saman er 24 elevar eller færre
- Tre trinn kan gå saman i ei gruppe dersom dei til saman er 18 elevar eller færre
- Fire trinn kan gå saman i ei gruppe dersom dei til saman er 12 elevar eller færre
- Ved 12 elevar eller færre kan skulen, 1.-7. trinn, vera udelt

Lærarnorm stiller krav til kor mange elevar det kan vera per lærar. På 1.-4. trinn kan det vera 15 elevar per lærar og på 5.-10. trinn kan det vera 20 elevar per lærar.

Tal barn i barnehage og elevar på skulen

Tidlegare i arbeidet med saka Framtidas oppvekst, har det kome signal om at kommunen bør setja eit minstetal for tal elevar i skulen. Dette for å gjere det føreseieleg i planlegginga av framtidas oppvekst. I anonym spørjeundersøking spurte me tilsette og føresette om dei tykkjer det bør vera ei nedre grense for tal barn i barnehage og skule. 79% av dei føersette og 86% av dei tilsette har svart ja eller veit ikkje på dette spørsmålet.

I ein barnehage vert ei barnegruppe definert som 6 barnehageplassar. Det vil seie 6 barn over 3 år eller 3 barn under 3 år. Bemanningsnorma tilseier at det må vera ein vaksen per 6 barnehageplassar. Kommunedirektøren tilrår at dette må vere eit minstetal for å oppretthalde barnehagetilbod i ei grend.

Minstetal på elevar ved ein skule må sjåast i samanheng med kompetanse, små sårbare skolemiljø og demografi. I høyringsutkastet tilrådde kommunedirektøren ei nedre grense på mellom 80-100 elevar. Dette for å ha ein fulldelt skule som er robust til å takla endringar og at den kan oppretthaldast på lang sikt. Etter innspel frå høyringa er det kome fram at ei nedre

grense på 80-100 elevar per skule er for høg i Suldals samanheng. Kommunedirektøren tilrår difor å justere nedre grense til 50-70 elevar per skule.

Skuleskyss

Suldal er ein vidstrakt kommune med store avstandar. Over halvparten av elevane tek i dag skuleskyss. Det kan vera naudsynt å sjå på alternativ med båt som skyss for elevar. Ein må då oppretta dialog med Fylkeskommunen for å sjå på moglege løysingar.

Barnehage og skulebygg

Elevane peikar på at det fysiske miljøet er viktig for å ha ein god barnehage og skulekvardag. Tilstanden på dei forskjellige skulebygga i kommunen er varierande og vil i nær framtid ha behov for rehabilitering. Dette vil ein sjå nærmare på i ein barnehage og skulebruksplan.

Framtidig næringsutvikling

Konsekvens og beredskapsanalyse for ei ny stor næringsetablering på Berakvam seier noko om kapasitet i utdanningssektoren. Dersom industrietableringa blir ein realitet kan det føre til ei auka tilflytting og fleire fastbuande i Suldal kommune. Menon si analyse viser til ei befolkningssauke på mellom 450-1010 innbyggjarar (lågt og høgt scenario), og av desse vil born mellom 0-18 år utgjere ein stad mellom 120-230 born. Det er i utgangspunktet god kapasitet med tanke på plass i barnehage og skule med unnatak av barnehagen på Jelsa og ungdomstrinnet på Sand.

Eit anna mogleg prosjekt som kan skapa positive ringverknadar med tanke på auka tilflytting til Suldal er Lyse si oppgradering av kraftverka i Røldal og Suldal. Lyse utarbeidar no sine investeringsplanar og signaliserer at dei vil senda søknad om konsesjon til NVE.

Ungdomstrinnet på Sand skule

Det har kome innspel om at det bør vurderast å bygga ein eigen ungdomsskule skilt frå barnetrinnet på Sand skule.

Dette kan løysa ei framtidig plassmangel dersom industriplanane i kommunen slår til.

I tillegg kan ein då i større grad realisera ein meir framtidsretta skule som legg til rette for ein meir praktisk, variert og relevant skulekvardag for ungdommane.

Lover, føresegner, rundskriv

Barnehagelova Kapittel 6 Personalet: <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64/§24>

Opplæringslova kap. 8 Organisering av undervisninga:<https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§8-1>

Opplæringslova § 9-1 Leiing: <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§9-1>

Opplæringslova kap 10, Personalet i skolen m.m. <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§10-1>

Opplæringslova§ 13-e, Plikt for kommunen og fylkeskommunen til å arbeide med kvalitetsutvikling: <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-3e>

FNs konvensjon om barnerettane: Barnekonvensjonen.nynorsk-regjeringen.no

Grunnlova § 104: <https://lovdata.no/lov/1814-05-17-nn/§104>

Økonomi

Alternativ 1

Trinn 1-2024

1. Vanvik oppvekstsenter avd skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune.
2. Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024.

I budsjett 2023 utgjer trinn 1 4,2 millionar kr

Trinn 2-2025

3. Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO er ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagetilbodet igjen.
4. Barnetrinnet og SFO på Nesflaten oppvekstsenter (1.-7. trinn) og Vinjar skule blir ei eining frå og med 1. august 2025. Eininga blir lokalisert på Vinjar skule. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet.
5. Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage vert lagt som ein avdeling under Vinjar barnehage. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for at avdelinga skal vera i drift.
6. Marvik skule og Jelsa oppvekstsenter blir ei eining frå og med 1. august 2025. Eininga blir lokalisert på Jelsa oppvekstsenter. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet.

I budsjett 2023 utgjer trinn 2 8,7 millionar kr

Totalt for trinn 1 og trinn 2 12,9 millionar

Trinn 1 krev kjøp av skuleplassar av Sauda kommune. Med det tal elevar ein kjøper skuleplassar til i dag utgjer dette 0,89 millionar kr. årleg.

Alternativ 2

Trinn 1 - 2024

1. Vanvik oppvekstsenter avd. skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune. Avd. barnehage blir organisert som ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage.
2. Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024.

I budsjett 2023 utgjer trinn 1 4,2 millionar kr

Trinn 2 - 2025

3. Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO er ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagetilbodet igjen.

I budsjett 2023 utgjer trinn 2 1,7 millionar kr

Totalt for trinn 1 og 2 5,9 millionar kr

Trinn 1 krev kjøp av skuleplassar av Sauda kommune. Med det tal elevar ein kjøper skuleplassar til i dag utgjer dette 0,89 millionar kr. årleg.

Kjelder:

- <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/flere-velger-okonomi-og-ikt-farre-vil-blilarer/id2973297/>
- <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/sosial-laring-gjennom-arbeid-med-fag/Relasjoner-mellom-elever/Sosial-faglig-og-emosjonell-utvikling-og-laring/>

Innkomne uttalar

Saka vart sendt ut på høyring mandag 23. oktober med høyringsfrist 8. november.

Høyringsinstansar har vore elevråd, SU i barnehagar og skular, fagforeiningar og grendeutvala. Dei aller fleste har svart på høyringa. Alle høyringsinnspele ligg ved saka. Vidare viser kommunedirektøren til eit utval av innspele frå høyringa.

Saksframlegg og prosess

Dei fleste peikar på at fristen for høyringa har vore for kort i ei så stor og viktig sak. Det har vore vanskeleg å involvera alle elevar, føresette og tilsette for å få innspele til ein høyringsuttale.

Det vert også i nokon av høyringsinnspele etterspurt meir informasjon om konsekvensar av dei ulike alternativa, både når det gjeld skuleskyss og samfunnsutvikling i grendene. I høyringsutkastet var det forslag om å ha ei nedre grense på 80-100 elevar på ein skule. Fleire av innspele peikar på at denne grensa er før høg i Suldals samanheng.

Uttale om forslag til løysingar

1. Vanvik oppvekstsenter avd skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune.

Hylsfjorden Gredeutval ser ikkje anna løysing enn at dette alternativet vert gjennomført. Ein bør vurdera skysstilbodet for elevar med lengst skuleveg.

1. Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024.

Elevrådet ved Nesflaten oppvekstsenter stiller seg positive til dette alternativet. Dei peikar på at lang skuleveg er ein negativ konsekvens. SU ved Nesflaten oppvekstsenter stiller seg også positive til dette alternativet og ønskjer at prøveordninga skal vidareførast nokre år. Dei meiner at skuleskyssen må vera mest mogleg smidig for elevane.

1. Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO er ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagetilbodet igjen.

SU i Vanvik ynskjer at barnehage og SFO tilbodet skal bestå slik det er i dag. Dette stiller Hylsfjorden Gredeutval seg bak. Gredeutvalet peikar på at barnehage og SFO tilbodet ikkje må leggast ned men oppretthaldast så lenge det er born.

- 1. Barnetrinnet og SFO på Nesflaten oppvekstsenter (1.-7. trinn) og Vinjar skule blir ei eining frå og med 1. august 2025. Eininga blir lokalisert på Vinjar skule. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet.**

Elevane ved Nesflaten oppvekstsenter har forståing for at dette tema kjem opp. Dei legg vekt på at vene og det sosiale miljøet er viktig. Elevane er nøgde med skulestørleiken og tal elevar slik det er i dag, men ser at om nokre år vert elevtalet lågare. Elevrådet føreslår at ei eventuell samlokalisering kan venta til 2026.

SU viser til at FAU ved Nesflaten oppvekstsenter har delte meningar om alternativet. I dag er det allereie elevar tilhøyrande Nesflaten skulekrins som går på Vinjar skule. Nokon peikar på at det er viktig for bygda at det er eit skuletilbod lokalt. Dei ønskjer ei konsekvensutgreiing av skuleskyss. Barns beste må vektleggast i vurderingane.

SU ved Vinjar skule er positive til at elevane frå Nesflaten går på Vinjar skule. Dei peikar på at gevinsten med rett kompetanse og sosialt samspel veg opp for den lange bussturen.

- 1. Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage vert lagt som ein avdeling under Vinjar barnehage. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for at avdelinga skal vera i drift.**

Elevrådet ved Nesflaten oppvekstsenter meiner at 6 barneplassar kan bli for lite sosialt miljø. Det bør vera minst 6-7 barn og dei bør koma frå minst 3 familiar. SU meiner at barnehagetilbodet skal oppretthaldast uavhengig av tal barn. Dei viser til at dette bør vera den enkelte familie sitt val om kor dei ynskjer å nytta seg av tilbodet.

- 1. Marvik skule og Jelsa oppvekstsenter blir ei eining frå og med 1. august 2025. Eininga blir lokalisert på Jelsa oppvekstsenter. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet.**

Elevrådet ved Marvik skule er nøgde med skuletilbodet slik det er i dag. Dei er positive til fleire elevar men då kan elevane frå Jelsa koma til Marvik skule. Dei synest det er viktig at bygda har ein skule. Dei er open for at skulen kan flyttast til Kjølvikstølen. Elevane ønskjer ikkje lengre skuleveg og skyss med båt til skulen.

SU ved Marvik skule har gode erfaringar med skule i bygda der dei ser at venskap og nettverk er positivt for utvikling av lokalsamfunnet. Ved å samlokalisera skuletilbodet på Jelsa er SU bekymra for at bygda vil døy ut. Fleire ønskjer nytt oppvekstsenter på Kjølvikstølen, noko som kan gi større framtidstru i bygda. Dette samsvarer med uttale frå SU ved Kjølvikstølen barnehage.

Ropeidhalvøya grendeutval meiner at skuletilbodet bør oppretthaldast slik det er i dag på Marvik skule. Dei peikar på lang og uthygg reiseveg for elevane samt at det kan ut over fritidsaktivitetar.

SU ved Jelsa oppvekstsenter meiner det kan vera ei god løysing med samanslåing av Jelsa og Marvik skule. Jelsa har eit naturleg sentrum og er ikkje spreidd som i andre bygder.

- 1. Kommunedirektøren legg fram ei eiga sak om ny barneskule på Jelsa der ein samlar elevane frå Erfjord, Jelsa og Ropeidhalvøya. Saka skal også omhandla ungdomstrinnet på Sand skule for å møta ny stortingsmelding med krav om ei meir praktisk og variert undervisning.**

SU ved Marvik og Erfjord skule ser ikkje dette som ei god løysing slik det er no. SU i Erfjord peikar på at dei har flest elevar og at det er ei grens som er i vekst. Dei stiller seg positive til at ein ser på skulestrukturen. Dei stiller spørsmål ved skuleskyss, særleg lang reiseveg for elevane frå Jøsenfjorden. Elevrådet på Erfjord skule er nøgde med elevtalet på skulen sin.

Dei ynskjer at skuletilbodet skal vera i Erfjord dersom dei 3 skulane skal bli slått saman til ein.

Grendeutvalet i Erfjord er tydelege på at dei ønskje å behalda skuletilbodet i grenda.

SU ved Sand skule etterspør ei større utgreiing om ungdomstrinnet med tanke på areal og ny stortingsmelding.

8. Kommunedirektøren legg fram ein barnehage og skulebruksplan etter vedtak om ny barnehage og skulestruktur.

Dette forslaget til løysing vert ikkje mykje omtala i høyningsinnspela.

Utdanningsforbundet

Utdanningsforbundet har ikkje teke stilling til dei ulike forslaga til løysingar. Innleiingsvis viser dei til at det er stort sprik blant medlemene etter kva eining dei jobbar ved.

Utdanningsforbundet meiner at målet med framtidas oppvekst i Suldal må vera å få den beste skulen; ein skule med høg kvalitet, nok pedagogressursar og gode team med ulike kvalifikasjonar rundt barnet. Vidare peikar dei på at skulane må vera av ein viss storleik, derfor er det naudsynt å gå ned på tal skular. Dette fordi at alle elevar skal få undervisning av kvalifiserte lærarar og eit større sosialt miljø.

Utdanningsforbundet ønskjer ikkje løysinga med at lærarar skal jobba på fleire barnehagar og skular for å utnytta kompetansen. Dei viser til at dette verken bra for barn og unge eller pedagogar. Utdanningsforbundet meiner at dagens skulesystem i Suldal er svært sårbart og stadige skifte av personal hindrar kontinuitet i utviklinga av Suldalsskulen.

Vurdering og konklusjon

Saka om framtidas oppvekst har strekt seg over svært lang tid med informasjon og eit omfattande involveringsarbeid. Kommunedirektøren meiner det er viktig at ein no tek tydelege retningsval i det vidare arbeid.

I denne saka har kommunedirektøren sett på mange ulike aspekt ved ein berekraftig barnehage og skulestruktur i Suldal kommune. Det som kjem tydeleg fram er at Suldal kommune har fleire einingar som har kritisk lågt barnetal og demografiutviklinga viser at barnetalet går ytterlegare ned.

Tilgang på lærarar med godkjent kompetanse dekker ikkje behova me har slik skulestrukturen er i dag. Dersom ein samlar elevane på færre einingar vil behovet for tal lærarar bli redusert og sannsynet for at fleire elevar får opplæring av lærarar med godkjent kompetanse aukar.

Barnehage og skule som ein sosial møteplass er kanskje den viktigast arenaen for å byggja venskap og utvikla god sosial kompetanse. Elevane gir tilbakemelding om at vener er ein av dei viktigaste faktorane for å ha ein god skulekvardag.

Framtidas oppvekst handlar i stor grad om å gjera barnehagane og skulane i kommunen robuste til å møte framtidas krav om kvalitet og kompetanse for å oppretthalde eit godt fagleg og sosialt barnehage og skuletilbod. Kommunedirektøren tilrår derfor å setja ei nedre grense på 50-70 elevar per skule for framtida.

I ein barnehage vert ei barnegruppe definert som 6 barnehageplassar. Det vil seia 6 barn over 3 år eller 3 barn under 3 år. Bemanningsnorma tilseier at det må vera ein vaksen per 6 barnehageplassar. Kommunedirektøren tilrår at dette må vere eit minstetal for å oppretthalde barnehagertilbod i ei grend.

Einingsleiarane har ein spanande og krevjande rolle. I Suldal kommune har einingsleiarane delegert mynde innanfor økonomi, personalarbeid og fag. Einingsleiarane har ei stor grad av fridom til å løysa oppgåvane innan fastsette mål og rammer. Med færre og større einingar kan leiinga bli styrka. Dette kan også vere med å gjere leiarrolla enda meir attraktiv og robust for framtidas krav og forventningar.

I alle saker som angår barn skal barnets beste vera eit grunnleggande omsyn. Barn og unge har rett til å bli hørt og deira interesser og behov skal ligge til grunn for avgjersler i saker som angår dei. I saka Framtidas oppvekst er det fleire moment som spelar inn når ein skal vurdera barnets beste. Barn og unge bruker store delar av tida si i barnehage og skule/SFO. 5-6 timer til dagen, 190 dagar i året, er elevar på skulen, barnehageborn har lengre og fleire dagar. I denne saka må ein mellom anna vurdera opplæringstilbodet og tida elevane bruker på skulen opp mot lang skuleveg og grendeutvikling. Opplæring med god kvalitet gitt av tilsette med godkjent kompetanse er både eit lovkrav og ein rett elevane har. Eit trygt og godt leike og læringsmiljø som fremjar fagleg og sosial læring gir grunnlaget born og unge treng for å meistra liva sine både no og for framtida.

Med bakgrunn i fakta og opplysningars om ein berekraftig barnehage og skulestruktur har kommunedirektøren vurdert to ulike alternativ:

Alternativ 1

I alternativ 1 har kommunedirektøren vurdert ei trinnvis samanslåing av einingar.

Vurderingane er gjort på bakgrunn av barnetalsutvikling, kompetansebehov og geografi. I høyringsutkastet var det i alternativ 1 eit forslag om å laga ei sak om ny Barneskule på Jelsa der ein samlar elevane frå Ropeidhalvøya, Erfjord og Jelsa. Dette punktet er teke bort med bakgrunn i at kommunedirektøren tilrår ei nedre grense på 50-70 elevar per skule.

Vurderinga av ungdomstrinnet på Sand skule for å møta ny stortingsmelding med krav om meir praktisk og variert undervisning vil bli teke med i utarbeidninga av ein barnehage og skulebruksplan.

Trinn 1-2024

1. Vanvik oppvekstsenter avd skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune.
2. Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024 som ei varig ordning.

Trinn 2-2025

3. Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO er ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagetilbodet igjen.
4. Barnetrinnet og SFO på Nesflaten oppvekstsenter (1.-7. trinn) og Vinjar skule blir ei eining frå og med 1. august 2025. Eininga blir lokalisert på Vinjar skule. Dette vert ei prøveordning i 2 år og det skal leggast fram ei evaluering i desember 2026.
5. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet for elevar på Nesflaten.
6. Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage vert lagt som ein avdeling under Vinjar barnehage frå og med 1. august 2025. Dette vert ei prøveordning i 2 år. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for at avdelinga skal vera i drift.
7. Marvik skule og Jelsa oppvekstsenter blir ei eining frå og med 1. august 2025. Eininga blir lokalisert på Jelsa oppvekstsenter. Dette vert ei prøveordning i 2 år og det skal leggast fram ei evaluering i desember 2026.

8. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet for elevar på Ropeidhalvøya.

Trinn 3

9. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeida ein barnehage og skulebruksplan.

Alternativ 2

Trinn 1 - 2024

1. Vanvik oppvekstsenter avd. skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune. Avd. barnehage blir organisert som ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage.
2. Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024 som ei varig ordning

Trinn 2 - 2025

3. Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO er ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagetilbodet igjen.

Parallelt

1. Kommunedirektøren får i oppdrag å utarbeida ein Barnehage og skulebruksplan.

I alternativ 2 har kommunedirektøren vurdert at opplæringa held fram slik den er organisert i dag. Endringa er at kommunedirektøren innfører eit minstetal for å oppretthalde ein barnehageavdeling. I tillegg vil kommunedirektøren utarbeida ein barnehage og skulebruksplan. Ein barnehage og skulebruksplan tek omsyn til faktorar som befolningsvekst, demografi, bustadutvikling og eksisterande fasilitetar. Målet er å sikra tilstrekkeleg og hensiktsmessig kapasitet i barnehagar og skular for å møta framtidas krav og behov.

Med dei utfordringane Suldal kommune står ovanfor med tanke på demografi, kompetanse og små sårbare einingar tilår kommunedirektøren å gjera endringar i noverande barnehage og skulestruktur. Målet er å utvikla framtidsretta og robuste einingar som skal vera attraktive arbeidsplassar for våre tilsette og nye medarbeidarar. I tillegg skal det vera eit opplæringstilbod som legg til rette for eit godt fagleg og sosialt miljø som fremjar livslang læring for barn og unge. Med bakgrunn i ei nedre grense på 50-70 elevar per skule tilår kommunedirektøren at ein planlegg for 4 skular. For at det skal vera føreseieleg må ein ta strukturendringane trinnvis. Alternativet med å samlokalisera opplæringstilbodet for elevane på Nesflaten og Vinjar samt Marvik og Jelsa gjeld frå og med hausten 2025. Dette gir tid til god planlegging av skysstilbodet og samarbeid om løysinga mellom einingane.

I saka legg kommunedirektøren vekt på at framtidas barnehage og skule i Suldal skal ha tilgang på lærarar med godkjent kompetanse og eit leike og læringsmiljø som gir barn og unge gode moglegheiter til eit trygt og godt fagleg og sosialt læringsfellesskap.

Kommunedirektøren tilår alternativ 1 slik den går fram i saka.

Lover, føresegner, rundskriv

Økonomiske konsekvensar

Folkehelse

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Innkomne uttalar

Vurdering og konklusjon

20.11.2023 Ungdomsrådet

Handsaming:

Orientering ved rådgjevar Britt-Elin Håranes

Merknadar:

- Positivt med større skulemiljø. Lettare for fleire å finna plassen sin.
- Høgare fagleg kompetanse i skulane utgjevnar kanskje faglege forskjellar mellom skulekrinsane.
- Kompetente lærarar må vega tyngre enn lang reiseveg.
- Me må ikkje leggja frå oss tanken om at lærarar kan jobba på fleire skular. Bonusordningar for lærarar som ynskjer å jobba fleire stader.
- Det må være ein trygg vaksen med på skuleskyss ved lang reiseveg. Særskilt hvis det blir aktuelt med båtskyss.
- Det er normen med skuleskyss i kommunen. Elevar bør kunne forventa 45 min reiseveg.
- Påpeikar at prognosene på barnetal er usikker. Til dømes er 1. klasse på Vinjar på over 20 elevar.
- Ungdomsskulen må utbyggjast. Det er for lite plass i forhold til kva ein skal forventa av ein skule.
- Ungdomsrådet synes prosessen har vært grei, og spørsmåla ut til elevane var konkrete.

Samrøystes i samsvar med innstillinga med merknadar

U - 029/23 Vedtak:

Suldal kommune vil sikre rett og nok kompetanse i barnehage og skule i tre trinn:

Trinn 1 2024

1. Vanvik oppvekstsenter avd skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune.
2. Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024 som ei varig ordning.

Trinn 2 2025

1. Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO blir ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage som ei varig ordning. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagetilbodet igjen.
2. Barnetrinnet og SFO på Nesflaten oppvekstsenter (1.-7. trinn) og Vinjar skule blir ei eining frå og med 1. august 2025. Eininga blir lokalisert på Vinjar skule. Dette vert ei prøveordning i 2 år og det skal leggast fram ei evaluering av opplæringstilbodet desember 2026.
3. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet for elevar på Nesflaten.
4. Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage vert ei avdeling under Vinjar barnehage frå og med 1. august 2025. Dette vert ei prøveordning i 2 år. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for at avdelinga skal vera i drift.
5. Marvik skule og Jelsa oppvekstsenter blir ei eining frå og med 1. august 2025. Eininga blir lokalisert på Jelsa oppvekstsenter. Dette vert ei prøveordning i 2 år og det skal leggast fram ei evaluering av opplæringstilbodet desember 2026.
6. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet for elevar på Ropeidhalvøya.

Trinn 3

Kommunedirektøren legg fram ein barnehage og skulebruksplan etter vedtak om ny barnehage og skulestruktur.

18.12.2023 Kommunestyret

Handsaming:

Edringsforslag, foreslått av Reidar Sand, Sosialistisk Venstreparti

Stryke: kor ny ungdomsskule på Sand og oppvekstsenter på Kjølvikstølen vart èin del av planen.

Tilleggsforslag , foreslått av Olav Lindseth, Venstre

Fellesforslag AP/KRF/V/SV

6. Vanvik oppvekstsenter avd.barnehage og SFO blir ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage som ei varig ordning. Det vises til pnkt 9 vedrørende skyss
7. Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage og SFO planlegges som ei avdeling under Vinjar barnehage frå og med 1. august 2025. Dette vert ei prøveordning i 2 år. Kommunedirektør legg frem ei sak med orientering om organiseringa i løpet av 2024.
8. Suldal Kommune skal ha berekraftige barnehagar med omsyn til antall barnehageplassar og pedagogdekning. Viss ein over tid ikkje oppnår dette og ein etter ein heilhetlig vurdering ikkje ser tekn til betring, skal kommunedirektøren leggja fram ei sak om korleis ein kan leggja om drifta for å sikra dette.
Ved eventuell oppstart av nytt barnehagetilbod skal ein heilhetleg vurdering med omsyn til

antall barnehageplassar og pedagogdekning over tid vera førande for vurdering av oppstart.

9. Ein vurderar individuelle løysingar på skyss, der skyss vert særslagte utfordrane. Dette gjeld både barnehage og skule.

Forslag frå Åshild Vetrhus, Senterpartiet, foreslått av Åshild Vetrhus, Senterpartiet

Prøvetida for at ungdomstrinnet ved Nesflaten oppvekstsenter får undervisninga si på Sand skule, vert avslutta våren 2025. Kommunedirektøren skal undersøka og vurdera skysstilbodet før ei eventuell varig flytting av ungdomstrinnet på Nesflaten.

Tilleggsforslag KrF pkt.8, foreslått av Torbjørn Indrebø, Kristeleg folkeparti

8. Suldal Kommune skal ha berekraftige barnehagar med omsyn til antall barnehageplassar og pedagogdekning. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplasser. Viss ein over tid ikkje oppnår dette og ein etter ein heilhetlig vurdering ikkje ser tekn til betring, skal kommunedirektøren leggja fram ei sak om korleis ein kan leggja om drifta for å sikra dette. Ved eventuell oppstart av nytt barnehagetilbod skal ein heilhetleg vurdering med omsyn til antall barnehageplassar og pedagogdekning over tid vera førande for vurdering av oppstart.

Nytt forslag frå Suldal AP, foreslått av Kari Vaage Gjuvsland, Arbeiderpartiet

Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO blir ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage som ei varig ordning. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagetilbodet igjen.

Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage vert ei avdeling under Vinjar barnehage frå og med 1. august 2025. Dette vert ei prøveordning i 2 år. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for at avdelinga skal vera i drift.

Reidar Sand SV fremmar endringsforslag.

Olav Lindseth fremmar felles tilleggsforslag AP/KRF/V/SV punkt 6-9

Åshild Vetrhus fremmar forslag

GRUPPEMØTE TIL 13.20

Forslag fremma av Torbjørn Indrebø KrF

Torbjørn Indrebø trekk forslag punkt 8

GRUPPEMØTE

Nytt forslag frå AP, fremma av Kari Vaage Gjuvsland

RØYSTING:

Punkt 2 (Ungdomstrinnet på Nesflaten) frå Levekår mot nytt forslag frå Åshild.

LEV: 16

Åshild Vetrhus: 3, SV, Åshild Vetrhus SP, Berit Fyljesvold Haugsland SP

Innstilling frå Levekår mot forslag frå SV

Levekår: 18

SV: 1 SV----

Felles tilleggsforslag AP/KRF/V/SV punkt 6-9

8. Suldal Kommune skal ha berekraftige barnehagar med omsyn til antall barnehageplassar og pedagogdekning. Viss ein over tid ikkje oppnår dette og ein etter ein heilhetlig vurdering ikkje ser tekn til betring, skal kommunedirektøren leggja fram ei sak om korleis ein kan leggja om drifta for å sikra dette.

Ved eventuell oppstart av nytt barnehagetilbod skal ein heilhetleg vurdering med omsyn til antall barnehageplassar og pedagogdekning over tid vera førande for vurdering av oppstart.

FOR:

Tillegg frå AP:

FOR: 12 SV, Åsmund Bakka SP, H, AP, Krf,

Innstilling frå levekår: Åshild Vetrhus, Øystein Wigestrød, Lars Arne Bjørkland, Geir Ove Løland, Berit Fyljesvoll Haugsland, V

Instilling frå levekår med tillegg frå AP:: 11 Åsmund Bakka, H, AP,

K - 154/23 Vedtak:

1. Vanvik oppvekstsenter avd skule vert avvikla frå 1. august 2024. Suldal kommune kjøper skuleplass i Sauda kommune.

2. Ungdomstrinnet (8.-10. trinn) på Nesflaten oppvekstsenter vert flytta til Sand skule frå og med 1. august 2024 med prøvetid fram til hausten 2026. Kommunedirektøren skal undersøkes og vurdera skysstilbudet, før eit eventuelt vedtak av varig flytting av ungdomstrinnet.

3. Suldal kommune skal frå og med 2027 ikkje ha udelte skular.

4. Alle skular i Suldal skal frå og med 2026 ha minst 60% pedagogdekning.

5. Dersom enkelte skular over tid ikkje når måla med tanke på elevtal og kvalifisert arbeidskraft (jmfr punkt 3 og 4), skal kommunedirektøren koma tilbake til kommunestyret med ei sak om korleis ein kan leggja om drifta for å sikra dette.

6. Vanvik oppvekstsenter avd barnehage og SFO blir ei avdeling under Kjølvikstølen barnehage som ei varig ordning. Frå og med barnehageåret 2025 vert barnehagen avvikla.

Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for å starta opp barnehagetilboden igjen.

7. Nesflaten oppvekstsenter avd. barnehage vert ei avdeling under Vinjar barnehage frå og med 1. august 2025. Dette vert ei prøveordning i 2 år. Det vert sett eit minstetal på 6 barnehageplassar for at avdelinga skal vera i drift.

Kommunedirektøren legg fram éin barnehage og skulebruksplan innan 2026 om ny barnehage og skulestruktur, kor ny ungdomsskule på Sand og oppvekstsenter på Kjølvikstølen vart éin del av planen.